



Vassbakk & Stol A/S  
Morvikbotn 153  
5122 MORVIK

Unnateke off.  
§ 12 1. ledd bokstav a

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2150 - 14/6786

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

## Jortipp/bakkeplanering Gbnr 212/8 Eikanger

Syner til brev dat 15.05. 2013 der det vart gjeve løyve til bakkeplanering/jordtipp på Eikanger.

Når eg har kjørt forbi Eikanger så har eg vore litt betenkta om det har vore bevegelse i dei jordmassane som vart kjørt inn til Eikanger i fjer. Då eg kjørte forbi fredag den 21. 03. etter dei store mengdene med nedbør som vi hadde dagane før, var eg spent og gjekk ned til Liavatnet for å sjå korleis det såg ut. Det eg då såg, var at dette var mykje verre enn det eg kunne tenkja meg, då det no ligg massar heilt ned mot vatnet og ein bekk førde med seg finstoff ut i vatnet.

I løyvet som vart gjeve til Terje Namdal, står det klart at det ikkje skulle vera tilsig av jordholdige massar til vatnet. No vart det og fylt massar over på eigedommen til Jarle og Ingunn Vassdal, men her har det vore sig av massar også nedover eigedomane til to andre bruk. Då spørsmål om å få nytta dette området så vart det sagt at massane ville koma frå Mjåteit i Meland og det ville vera frå ein gamal jordtipp som låg på dette området. Det vart i ettertid skissert eit opplegg for å kunna fylla blautare massar, men slik eg oppfatta det, så skulle desse massane nyttast på den vestre delen og ikkje fyllast ned i dalen slik at massane kunne koma til å flyta nedover.

Slik eg ser det, så er det gjort tiltak her som går langt ut over det som det er sagt og det er gjeve løyve til. Dei som har planlagt dette og utført arbeidet burde ha sett at det gjekk ein bekk nede i dalen og når det vart fylt så blaute massar så kunne dette koma til å flyta og at bekken kunne koma føra massar med seg. Eg meiner at dette var noko Vassbakk & Stol burde ha sett og ikkje minst ha erfaring med, som eit selskap som handterar så mykje massar av ulikt slag. Om Terje Namdal, og Vassdal har vore klar over kva dette kunne koma til å føra med seg av ulemper for drifta av deira eigedomar tvilar eg på.

I det løyve som vart gjeve var det sett ein tidshorisont på at dette skulle vera ferdig i løpet av 2013 – 2014, og med det meinte ein at det skulle vera tilsådd og klart for produksjon. Slik det ser ut no med at det er kjørt blaute massar som er i flyt nedover dalen, så er dette urealistisk. Her går det som nemnd ein bekk som fører med seg jord og jordpartiklar ut i vatnet/vassdraget.



Eg vil be om at Vassbak & Stol set i gang tiltak som stoppar tilflyt av massar til vassdraget, der det må etablerast ei steinfylling som stoppar massane, det må lagast fangdammar og event siltdukar som skal hindra at massar og partiklar kjem ut i vassdraget. Dette må gjerast snarast. Det må og lagast eit oppsett på kva tid det let seg koma i gang med grøfting, slik at området kan takast i bruk att til grasproduksjon.

Med helsing

Nils Kaalaas  
Fagleiar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Terje Namdal

Mykingvegen 153 5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Vassbakk & Stol A/S

Morvikbotn 153      5122

MORVIK